



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/503 - 19/5752

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
13.03.2019

Godkjenning - GBNR 23/1 - Løyve til frådelling og arealoverføring - Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 59/2019

Tiltakshavar: Meland kommune
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Meland kommune har i søknad journalført motteke 20.02.2019 søkt om løyve til frådelling av veg frå gbnr. 23/1, samt arealoverføring frå gbnr. 23/28, 178, 413 og 519 på Frekhaug. Vegen skal saman med arealoverføringane utgjere ei matrikkeleining.

Omsøkt areal er gjennom *Detaljregulering for Danielsen Skule*, planid: 125620110005 og *Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest*, planid: 125619951011, regulert til offentlig veg.

Utsnitt av veg som er omsøkt frådelt, samt omsøkt arealoverføringar (marker med rødt):



Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 20.02.2019.

VURDERING:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Privatrettslige forhold

I medhald av matrikkellova § 9 bokstav f) finn ikkje administrasjonen grunnlag for å avvise søknaden, jf. pbl § 21-6.

Nabovarsel

Tiltakshavar har ikkje vurdert det som naudsynt å nabovarsle søknad om frådelling og arealoverføring av areal til offentleg veggrunn. Administrasjonen er samd i denne vurderinga, jf. pbl § 21-3, 2.ledd.

Plan- og lovgrunnlag:

Oppretting av ny grunneigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Det er ikkje krav til ansvarleg føretak, jf pbl § 20-4 1.ledd bokstav d). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse eller endring av eksisterande eiendomsgrenser, må ikkje gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan».

Frådelling og arealoverføring er i samsvar med regulert arealformål, jf. pbl § 26-1, og kan difor godkjennast.

Tilknytning til infrastruktur:

Eksisterande infrastruktur, medrekna ved, vatn og avlaup, får ikkje betydning for frådelling og arealoverføring som omsøkt.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m), løyve til frådelling frå gbnr. 23/1, samt løyve til arealoverføring frå gbnr. 23/28, 178, 413 og 519 som omsøkt, jf. søknad og vedlagt situasjonskart journalført 20.02.2019.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast

søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Frekhaug Eiendomsutvikling AS	Statsminister Michelsens veg 60F	5230	PARADIS
Nordhordland Folkehøgskole	Holtermandsvegen 3	5918	FREKHAUG
Rygir Tomteutvikling AS	Postboks 250	4066	STAVANGER
Torleif Johnsen	Holtermandsvegen 12 A	5918	FREKHAUG
Mottakarar: Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG